



HELLEBAKKEN 45
5039 BERGEN
TELEFON: 55 39 29 50
FAKS: 55 39 29 59
E-POST: FIRMAPOST@BOF.NO
NETTSIDER: WWW.BOF.NO

Alver kommune
Avd. byggesak
Postboks 4,
5906 FREKHAUG

VEDLEGG B-1

Vår ref.: 04-2/22-LET

Dykkar ref.:

Dato: 20.04.2022

SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK OG DISPENSASJON FRÅ AREALFØREMÅL I SJØ OG BYGGJEFORBODET I STRANDSONA I UTTOSKA FRILUFTSOMRÅDE (349/58-62), ALVER KOMMUNE

BOF forvaltar Uttoska friluftsområde i Alver kommune, som er deltakarkommune i BOF. Friluftsområdet ligg i Toskesundet i/ved Hjeltefjorden. Staten v/ Miljødirektoratet er grunneigar. I denne saka vert det søkt om løyve til tiltak og dispensasjon frå arealføremål i sjø, som er naturområde, og byggjeforbodet i strandsona for oppføring av padlehuk/overnattingsbu/rasteplass for dei besøkjande (4,85 m x 2,74 m = 13,3 m²). Arealet er eit statleg sikra friluftslivsområde, som er regulert som friområde.

Grunn for å gje dispensasjon

Ønskja tiltak vil betre tilhøva for dei besøkjande av friluftsområdet, og dermed heve kvaliteten. Padlehuken vil gje eit enkelt overnattingstilbod, for dei som både kjem sjøvegen i kajakk (ligg eit flytebryggeanlegg for båtar i nærleiken) og dei som kjem landvegen med bil, som kan kome fram på naturleg sti frå p-plassen, ved ein gåtur på ein liten halvtime. Målet vårt er å skape eit samanhengande nettverk med slike tilbod. BOF har allereie fått løyve til å setje opp ein tilsvarande padlehuk litt lenger sør, på Skarvøyyna i Askøy kommune. Me ønskjer òg å søkje i Io friluftsområde, Alver kommune ila. 2022. Tiltaket vil verta fundamentert punktvis i fjellet, så det vil vere reversibelt å fjerne i ettertid.

Fordelar med tiltaket

Tiltaket vil

- fremje ålmenta si bruk av strandsona i høve til bruk og opphald/overnattingsmoglegheit
- gje bedre friluftstilhøve og -tilbod for ålmenta
- komplementere og styrke denne type friluftstilbod
- vere eit reversibelt tiltak

Ulempene med tiltaket

Strandsona får eitt nytt bygg, som vil vere synleg frå sjø (vert forsøkt tilpassa i storleik, terreng og bakgrunnsfarge for å passe naturleg inn)

Søknad om byggetillating

Det vert søkt om byggetillating for

- Padlehuk/overnattingsbu/rasteplass for dei besøkjande (4,85 m x 2,74 m = 13,3 m²)

Vedlagd følgjer:
Situasjonsplan
Teikningar / skisser

Med venleg helsing
Bergen og Omland Friluftsråd



Dag Seter
Administrativ leiar